

Dato: 27.01.23

## Ny gang- og sykkelveg langs Vinndalsvatnet frå Lysefjorden/Endelausmarka til Søfteland

### Vurdering av behov for konsekvensutgreiing etter konsekvensutgreiingsforskrifta

Under følgjer ei vurdering av om og korleis planen er omfatta av forskrift om konsekvensutgreiingar, §§ 6, 8 og 10.

### **§ 6. Planar og tiltak som alltid skal konsekvensutgreiast og ha planprogram eller melding**

«Følgende planer og tiltak skal alltid konsekvensutredes og ha planprogram eller melding:

- a) kommuneplanens arealdel etter § 11-5 og regionale planer etter plan- og bygningsloven § 8-1, kommunedelplaner etter § 11-1, og områdereguleringer etter § 12-2 når planene fastsetter rammer for tiltak i vedlegg I og II.
- b) reguleringsplaner etter plan- og bygningsloven for tiltak i vedlegg I. Unntatt fra dette er reguleringsplaner der det konkrete tiltaket er konsekvensutredet i en tidligere plan og der reguleringsplanen er i samsvar med denne tidligere planen.
- c) tiltak i vedlegg I som behandles etter andre lover enn plan- og bygningsloven.»

**Vurdering § 6:** Bokstav a) og c) er ikkje relevant å vurdere i denne saka. Bokstav b) gjer seg heller ikkje gjeldande, då tiltaket ikkje er lista opp i vedlegg I. Vegtiltak opplista i vedlegg I skal utgreiast viss dei har ei kostnadsramme på meir enn 750 mill. kr. Planlagt g/s-veg ligg langt under denne kostnadsramma.

### **§ 8. Planar og tiltak som skal konsekvensutgreiast viss dei kan få vesentlege verknader for miljø eller samfunn**

«Følgende planer og tiltak skal konsekvensutredes hvis de kan få vesentlige virkninger etter § 10, men ikke ha planprogram eller melding:

- a) reguleringsplaner for tiltak i vedlegg II. Unntatt fra dette er reguleringsplaner der det konkrete tiltaket er konsekvensutredet i en tidligere plan og der reguleringsplanen er i samsvar med denne.
- b) tiltak i vedlegg II som behandles etter en annen lov enn plan- og bygningsloven»

**Vurdering § 8:**

Bokstav b) er ikkje relevant i denne saka. Når det gjeld vedlegg II fell tiltaket inn under bokstav e):  
i. *Bygging av veier*. Tiltaket må difor vurderast etter forskrifta si § 10 om planen kan få vesentlege verknader for miljø eller samfunn.

<b>Egenskaper ved planen eller tiltaket:</b>	
a) Storleik, planområde og utforming.	Planområdet er avgrensa etter ein føreslått trasé som er valt fordi den gir minst mogleg terrenginngrep. Planområdet er heller ikkje vurdert å i seg sjølv, på grunn av storleik, vere konsekvensutgreiingspliktig.
b) Bruken av naturressursar, særleg areal, jord, mineralressursar, vatn og biologiske ressursar.	<p>Det er ingen vassressursar eller biologiske ressursar som vert råka av planframlegget.</p> <p>Det er noko granskog av høg bonitet som vert råka av planframlegget. Det er ikkje aktiv skogdrift i dette området og planen er vurdert å ikkje vere til hinder for eventuell framtidig uttak av skog.</p> <p>Den nordlegaste delen av planområdet vil røre ved noko areal registrert som innmarksbeite og fulldyrka jord. Arealet med fulldyrka jord som vert råka er 1,5 daa og vert i dag slått. Området vil delast i to av planlagt trasé. I innmarksbeitet vil traséen i stor grad følgje dagens traktorveg.</p> <p>Påverknad på jord- og landbruksressursar er vurdert å vere så avgrensa, at konsekvensane av tiltaket i tilstrekkeleg grad kan vurderast gjennom ein grundig utgreiing i planomtalen.</p>
c) Avfallsproduksjon og utslepp.	Planen legg ikkje opp til avfallsproduksjon og utslepp.
d) Risiko for alvorlege ulukker eller katastrofar.	Planen utløyser ikkje risiko for alvorlige ulukker eller katastrofer.

<b>Lokalisering og påvirkning:</b>	
<p>a) verneområder etter naturmangfoldloven kapittel V eller markaloven § 11, utvalgte naturtyper (naturmangfoldloven kapittel VI), prioriterte arter, vernede vassdrag, nasjonale laksefjorder og laksevassdrag, objekter, områder og kulturmiljø fredet etter kulturminneloven.</p>	<p>Planen rårer ikkje ved verneområde etter naturmangfoldlova eller markalova, utvalde naturtyper, prioriterte artar, nasjonale laksefjorder og laksevassdrag, objekter, områder og kulturmiljø freda etter kulturminnelova.</p> <p>Planen rårer ved verna vassdrag Osvassdraget. Så fremt planen følgjer gjeldande føringar i Soneforvaltningsplan for vassdraget, er ikkje tiltaket vurdert å i vesentleg grad ha konsekvensar for dette tema.</p>
<p>b) truede arter eller naturtyper, verdifulle landskap, verdifulle kulturminner og kulturmiljøer, nasjonalt eller regionalt viktige mineralressurser, områder med stor betydning for samisk utmarksnæring eller reindrift og områder som er særleg viktige for friluftsliv.</p>	<p>Vinddalsvatnet er ein del av Oselvvassdraget, men det finst ikkje elvemusling i sjølve Vinddalsvatnet. Her er imidlertid registrert gulspurv, gråspurv, gråmåke, hønsehauk, men dei viktigaste verdiane knytt til sårbare fuglearter ligg nord for føreslått trasé.</p> <p>Det er registrert ål i Vinddalsvatnet, som er trua. Det vert ikkje planlagt for tiltak i vatnet og i anleggsfasen skal det gjerast avbøtande tiltak mot avrenning.</p> <p>Området er viktig for friluftsliv. Anlegging av g/s-veg her vil betre tilgjengelegheita for turgåarar i området.</p>
<p>c) statlige planretningslinjer, statlige planbestemmelser eller regionale planbestemmelser gitt i medhold av plan- og bygningsloven av 27. juni 2008 nr. 71 eller rikspolitiske bestemmelser eller rikspolitiske retningslinjer gitt i medhold av plan- og bygningsloven av 14. juni 1985 nr. 77.</p>	<p>Planen er vurdert å ikkje vere i strid med statlege planretningslinjer, statlege planbestemmelser eller regionale planbestemmelser gitt i medhald av plan- og bygningslova.</p>
<p>d) større omdisponering av områder avsatt til landbruks-, natur- og friluftslivsmål, samt reindrift eller områder som er regulert til</p>	<p>Planen er ikkje vurdert å utgjere ein større omdisponering av LNF-område.</p>

landbruk og som er av stor betydning for landbruksvirksomhet.	
e) økt belastning i områder der fastsatte miljøkvalitetsstandarder er overskredet.	Planen ligg ikkje i eit område der fastsette miljøkvalitetsstandardar er overskride.
f) konsekvenser for befolkningens helse, for eksempel som følge av vann- eller luftforurensning.	Planen vil ikkje føre til konsekvenser for befolkningens helse som følgje av vann- eller luftforureining.
g) vesentlig forurensning eller klimagassutslipp.	Planen vil ikkje gje vesentleg forureining eller klimagassutslepp.
h) risiko for alvorlige ulykker som en følge av naturfarer som ras, skred eller flom.	Planen vil ikkje gje risiko for alvorlege ulukker.

### Konklusjon om konsekvensutgreiing

Planen vil ikkje vere konsekvensutgreiingspliktig etter forskrifta.

**ABO Plan & Arkitektur AS**